

NY PROTESTSTORM MOT plan om å flytta anlegg

Meland kommune har gitt Blom fiskeoppdrett dispensasjonen til å flytta anlegget sitt. Men fylkesmannen og mange av naboane har klaga på vedtaket.

Av Anne-Lise Nordpoll
anne@strilen.no

– Me har registret ti klager. Ein frå Fylkesmannen, og ni klager frå i alt 14 naboar i området, opplyser Tore Johan Erstad i Meland kommune, som er saksbehandsarar for klagesaka.

Vil oppgradera

Strilen har skrive fleire saker om at Blom fiskeoppdrett ønskjer å flytta eit oppdrettsanlegg frå Laksevika ved Hjertås til Trollhola i sjøen nedanfor Dalemarka bustadfelt. Oppdrettsanlegget ligg i dag inne i den militære forbodssona i Herdlefjorden, og så lenge det ligg der kan ikkje

eigarane oppgradera eller utvida anlegget. Difor ønskjer Blom fiskeoppdrett å flytta anlegget ut av forbodssona, og dei meiner at den beste plasseringa er ved ein stad som vert kalla Trollhola.

Kraftige protestar

Huseigarar i bustadfeltet protesterte kraftig då dei fekk vita om planane, og mange sendte inn merknader då saka var ute på høyring. Folk i bustadfeltet fryktar lys, støy og lukt frå oppdrettsanlegget. Ein del er også redde for at verdien av bustadane deira vil bli redusert dersom dei får utsikt til eit oppdrettsanlegg. Saka var oppe i Utval for drift og utvikling (UDU) i Meland kommune tidlegare i haust. Politikarane i utvaldet vart gjort kjent med nabomerknadane, men dei vurderte saka slik at dei likevel ønskja å gje oppdrettselskapet dispensasjonen dei treng for å kunna flytta anlegget.

Fristen for å klaga på vedtaket var tre veker, og den fristen er no gått ut.

Ønskjer ikkje dispensasjon

Meland har ein ny kommuneplan, og Fylkesmannen har klaga fordi han meiner det er feil

av kommunen å gje dispensasjon til oppdrettselskapet. Fylkesmannen meiner at dersom det eksisterte planar om å flytta oppdrettsanlegget, så burde det vore sett av areal til då det vart laga ny kommuneplan. Fylkesmannen synest heller ikkje konsekvensutgreiinga er god nok.

Klagene frå naboane i hovudsak går på det same som sist. Oppdrettselskapet meiner at aktiviteten deira ikkje vil vera til

stor sjenanse for naboane, men det trur ikkje naboane på. Dei fryktar framleis at anlegget vil påverka nærmiljøet deira negativt.

Nytt møte 6. desember

– Kommunen har gått gjennom alle klagene, og klagesaka skal opp i UDU i møtet 6. desember. Der vil utvalet vurdere klagene. Utvalet har då fleire val. Dei kan gjera om på heile eller delar av

vedtaket eller stå fast på det vedtaket dei tidlegare har gjort. Dersom det siste vert tilfelle, vil saka bli sendt vidare til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Normalt vil klagesaker av denne type bli avgjort av Fylkesmannen i Hordaland, men sidan han har klaga på vedtaket, vil det bli oppnemnt ein setjefylkesmann, opplyser Erstad.

Dømt etter straumkrangel

Ein leigetakar betalte for huseigaren sin straum, men då han ville ha pengane tilbake, sa ho nei.

Av Silje Aivsaaker
silje@strilen.no

No må huseigaren betale 30.000 kroner tilbake til leigetakaren og nærare 40.000 kroner i saksomkostningar.

I bustaden mannen leigde er det to straummålarar, éin for hageleilegheita og éin for hovudleilegheita. Begge


straummålarane er plasserte i hageleilegheita. Leigetakaren har ved ein feil betalt for straumen til hovudleilegheita, og ikkje sin eigen. Det skjedde ved at han gav feil straummålar til BKK då han skulle registrere straummålaren i sitt namn. Han har difor betalt over 30.000 kroner for mykje i straumutgifter.

Huseigaren hadde ikkje tilgang til straummålaren, og ho hadde sagt i frå om at ho ikkje visste kva straummålar som var knytt kva leilegheit då mannen

flytta inn. Retten meiner det er utleigar som må sørge for at ho veit kva for ein straummålar han skulle betale for.

Han blei klar over feilen og tok kontakt med huseigar for å få ordne opp i feilbetalinga. Då huseigaren ikkje kom tilbake til saka, klaga leigetakaren til Husleietvistutvalget i Hordaland. Dei fatta vedtak om at huseigar var frifunne.

Leigetakaren tok saka vidare til retten, og fekk altså medhald.



VIL UTVIDA SONA: Dette kartet viser utvidinga som Forsvaret ønskjer. Kartet er det same som er brukt i sakspapira til Meland kommune. Eksisterande område i blått, ny utviding i grønt.

Her vil Forsvaret innføra forbodssone


MELAND: Forsvaret vil utvida den militære forbodssona i Herdalfjorden. Det



– Forsvaret treng nok denne aktiviteten, men her synest eg dei gapar for høgt. Kommunen har tidlegare vore i kontakt med Fylkesmannen om denne saka. Han vart overraska då han fekk

er merkeleg at Forsvaret ønskjer å utvida forbodssona i fjorden samtidig som Staten sjølv arbeider med ny innseglingsslei til Bergen i akkurat den same fjorden.

– Dette harmonerer berre ik-



Lysmesse i Lindås-kyrkja

Det har vore tradisjon sidan 1973 at adventstida på Lindås blir innleia med lysmesse i kyrkja. Å bera lys inn i kyrkja, er ei fin markering av advent og ei førebuing til julehøg-tida som nærmar seg.

Tidlegare var det elevar på Lindås ungdomsskule som stod for

tilskipinga, men dei siste åra har konfirmantane teke over.

Dei unge går i lysprosjon inn i kyrkja, og dei deltar i skriftlesing, song og musikk. Sokneprest Ole Marton Ølberg leiar det heile.

Lysmessa er i år førstkomande søndag om kvelden.

Fiskeoppdrett og forureining

Folk som bur ved eller har tilknytning til Fensfjorden meiner å ha merka aukande negative konsekvensar av dei store anlegg for fiskeoppdrett som breier seg utover i stadig større grad.

INNLEGG

Vanleg villfisk ser ut til å forsvinna, og dei få fiskane ein fiskar klarer å hale opp er ofte forureina av makk og/eller lus.

I den seinare tid har problemet med oppdrettsanlegg vore tema i fleire avisartiklar. Villfiskten samlar seg under merden,

et seg sjuk på mat og avfall frå anlegget og sluttar å gyte. Hummar og andre krepsdyr døyr i ein avstand av fleire hundre meter, truleg på grunn av forgiftinga frå anlegga. Andre stader i fjorden er det svart sjø, nesten ingen fisk.

Er folk som bur langs med og brukar fjorden nøgd med denne utvikling? Tenkjer vi nok på dei langsiktige fylgjene av forgifta fjordar? Det er positivt at oppdrettsnæringa gjev arbeidsplassar og næringsinntekt. Men er kommunen berre opp- teken av det positive med

næringa og gløymer eller let augo att for dei negative sidene ved dette? Kva kan gjerast for å presse lokale og sentrale myndigheiter til å krevje ein forsvarleg bruk av naturen med våre vakre og livgjevande fjordar? Burde ikkje også oppdrettsnæringa ha ynskje om å ta vare på våre kyst- og fjordmiljø? Gjer Lindås kommune sitt beste for å sikre eit godt fjordmiljø? Kva med informasjon til folk om tiltak frå kommunen si side om dette?

Eg berre undrast.

Av Bernt Hodneland

Dysleksivennlig skole

Det å få skolene til å bli dysleksivennlige skal opp til diskusjon i økonomiutvalget i Radøy. På grunn av økonomi.

INNLEGG

Men hva kan fortjenes- ten være? Elever som får hjelp, som føler seg verds-

att, som ikke kvir seg for å gå på skolen, som slipper å føle seg dummere enn andre.

En dysleksivennlig skole er ikke bare for dyslektikere, men alle elever som sliter. Det må nok til en kompetanseheving, gode systemer og ikke minst vilje...

Elever og foreldre som ikke blir tatt alvorlig i en vanskelig periode er slik jeg ser det mobbing fra skoleledelsens side. Der- som skolene blir dysleksi- vennlige, får man respekt og tillit til skole og kom- muneansatte.

Lykke til.

Av Jens Fosse

– Grensa er nådd for oppdrett i Fensfjorden


– Fensfjordbassenget har ikkje kapasitet til meir fiskeoppdrett, meiner Naturvernforbundet i Nordhordland.

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

– Det har lenge vore fokus på avfallsbedriftene som har utslepp til Fensfjord-bassenget. Men summen av alle oppdrettsanlegga som er her er vel så skadeleg for miljøet, seier Jan Nordø, som er leiar i Naturvernforbundet Nordhordland.

Etter eit styremøte i forbundet ønskjer dei å reisa debatten om kor mykje oppdrettsfisk dette fjordbassenget faktisk toler, i desse tider der fleire av anlegga søker om å få auka mengda med fisk i merdane.

– Det er fleire utfordringar med fiskeoppdrett. Det er avfallet med skit og fiskefor som går gjennom anlegget, det er kopar frå nøtene, og det er moglege konsekvensar av at hydrogenperoksid vert nytta for å bli kvitt lakselus.



med uskeoppdrett. Det er avfall med skit og fiskefor som går gjennom anlegget, det er kopar frå nøtene, og det er moglege konsekvensar av at hydrogenperoksid vert nytta for å bli kvitt lakselus.

– I tillegg har ein problematikken med rømmingar, og at anlegga kan bukka under for ekstremver.

Nitten lokalitetar

Nordø tel opp nitten oppdrettslokalitetar i dette området, med fem i sjøve Fensfjorden, åtte i Austfjorden som strekkjer seg innover mot Andås og Stranda, og seks i fjordarmen Masfjorden. I desse anlegga er det laks, sjøaure og regnbogeaure i ulike stadium frå smolt til slakteferdig fisk, stort sett innanfor nøtene, men ved enkelte høve også på rømmen i fjorden.

– Her har det vore rømmingar både i 2011, 2013 og 2015. Rømmingane i fjor skjedde i samband med ekstremveret Nina, der eit anlegg sleit seg og eit anna fekk flenge i merdnota.



MANGE ANLEGG: I Fensfjorden og Austfjorden er det til saman tretten oppdrettsanlegg.

Begge foto: Ketil Tjore

62.300 laks kom ut i fjorden, 51.000 sterile og 11.300 forplantingsdyktige. Nordø meiner rømmingane viser at Fensfjorden ikkje er eigna for oppdrett, sidan nordvesten har fritt leide innover fjorden.

– Ein må ta høgde for at det kjem meir ekstremver av same type som Nina i 2015, og då er Fensfjorden særskild eksponert.

Søker om meir

Lokale fiskarar vart hyra inn for å få opp mest mogleg av laksen som var på rømmen. Men Nordø meiner det uansett er for mange anlegg, og for stor risiko for at den villaksen som finnest vert pressa vekk, eller sterkt eksponert for lakselus.

– Der er ei rekkje søknader om utviding av biomasse i ulike anlegg, i alt 4.680 tonn biomasse i Fensfjorden med Austfjorden, fordelt på søknader tilknytt anlegga i Rekeviki i Lindås kommune, og Duesund og Leirvika i Masfjorden kommune, seier Nordø.

Forbundet har gått i mot alle søknadene om utvida areal og meir fisk ved dei ulike anlegga, og meiner det er for lite kunnskap om nositasjonen for miljøet.

– Tolv oppdrettsanlegg i Hordaland er i år kontrollerte av Fylkesmannen, for sjekk av koparutslepp. Ved ni av anlegga var tilstanden dårleg, seier Nordø.

Kopar vert brukt til å impregnera nøtene, som eit tiltak mot groing. Ingen av dei tolv kontrollerte anlegga er i Fensfjordbassenget eller Masfjorden.

Nye retningslinjer

Nærings- og fiskeridepartementet har i sommar og haust hatt på høyring ei ny forskrift som skal regulera maksimal biomasse innanfor gitte område, og som skal regulera utnyttinga av desse i tider med sjukdom/lakselus. Naturvernforbundet Nordhordland meiner situasjonen i dag tilseier at ein må vera føre var og seia nei til nye utvidingar.

– Elles kan det fort skje at

Fensfjordbassenget og Masfjorden får «raudt lys» etter dei nye reglane som skal komma, seier Nordø.

– Sjå til Austrheim


Naturvernforbundet er kritisk til Lindås kommune, som mellom anna har gitt dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for anlegget på Langøy, og innstilt på dispensasjon for utviding av anlegget på Ospenest (dette vedtaket er til endeleg avgjerd hjå settesfylkesmannen i Sogn og Fjordane, etter at dispensasjonen er påklaga).

Nordø meiner Lindås heller skulle sett til nabokommunen Austrheim, som under den pågåande rulleringa av kommunedelplanen har innskrenka arealet for akvakultur, og der det no berre er eksisterande område i Børildosen/Åråsvågen som ligg inne.

– Me meiner Austrheim kommune har gode kort på handa, men då må ein ikkje gje dispensasjonar slik Lindås kommune har gitt altfor mange av, seier Jan Nordø.

Få arbeidsplassar

– Det har vore eit sterkt og rettmessig engasjement mot utslepp av miljøgifter til sjø frå avfallsbedrifter rundt Fensfjorden, både frå kommunane, fiskarar, oppdrettarar, miljøorganisasjonane



KRITISK: Jan Nordø og Naturvernforbundet Nordhordland meiner grensa er nådd for fiskeoppdrett i Fensfjorden og nabofjordane.

og vanlege brukarar av fjorden. Men no er det på tide å retta søkjelyset mot oppdrettsnæringa, som i Nordhordland har sleppt altfor lett unna eit kritisk miljøblikk, og som i Fensfjorden sannsynlegvis representerer eit større problem enn dei andre avfallsbedriftene til saman, seier Nordø.

– Avfallsbedriftene på Mongstad og i Sløvåg gjev i det minste mange arbeidsplassar og inntekter til kommunane. Det gjer ikkje oppdrettsnæringa.

HØSTKUPP!

UTVENDIG
SOLSKJERMING



GRATIS BEFARING

911 50 200

fasadeprodukter.no




Fasade®

PRODUKTER

SOLSKJERMING - GARASJEPORTER

Lokal leverandør siden 1995 gir trygghet for god handel!



SAMLEKASSE: Kristian Breivik haler opp samleassen med hummer ved bryggen i Breiviksundet. For ganske nøyaktig ett år siden fant han bare døde hummer i kassen. I år er de friske og fine.

Oppdrettsselskapet ble dømt til å betale en bot på rundt tre millioner kroner. Canada tillater ikke bruk av cypermetrin i fiskeoppdrett, men stoffet har vært mye benyttet i den norske lakseføringen de siste årene.

Stoffene som ble brukt for å knekke lakselusen i Øygarden 6. november 2015 var deltametrin og azametifos, altså ikke det samme som ble brukt i Canada.

DELTAMETRIN er imidlertid giftigere for krepsdyr enn stoffet som tok livet av den canadiske hummeren, ifølge en laboratoriestudie. Det tilhører stoffgruppen pyretroider. Det er familienavnet på insektmidler som brukes av bønder i mange land for å utrydde skadeinsekter. I Norge brukes stoffene også i krigen mot lakselusen, som koster oppdrettsnæringen milliarder. Det er ikke store doser av nervegiften deltametrin som skal til for å gi ønsket effekt: To mikrogram

(0,000002 gram) pr. liter vann er anbefalt dosering ved avlusing.

– Deltametrin har den egenskapen at stoffet binder seg til organiske partikler, og plast for den saks skyld. Konsentrasjonen av stoffet vil gradvis bli redusert over tid, avhengig av forholdene i vannet, sier Ole B. Samuelsen, seniorforsker på Havforskningsinstituttet.

Den blekgule væsken er svært giftig for krepsdyr, poengterer Statens legemiddelverk. En canadisk studie fastslår at deltametrin er «ekstremt giftig» for krepsdyr, særlig amerikansk hummer.

ADVARSELEN er også tydelig på pakningsvedlegget til azametifos, det andre stoffet som ble brukt på Knappen-anlegget i Øygarden: «Produktet er meget farlig for skalldyr og farlig for fisk og andre vannlevende organismer. Produktet skal derfor ikke brukes i oppdrettsanlegg der krabber eller hummere

holdes innfanget i nærheten av merdene som blir behandlet.»


Azametifos er tidligere påvist i vannet én kilometer fra oppdrettsanlegg én uke etter behandling, men i lave konsentrasjoner. «Vi kan derimot ikke utelukke akutt fare for andre arter umiddelbart etter lakselusbehandling», skriver Norsk institutt for vannforskning (Niva) i en rapport til Miljødirektoratet.

FORBRUKET av azametifos i oppdrettsnæringen eksploderte fra 2009, og et par år etter ble det også fart i salget av deltametrin. Brukt sammen i merdene viser giftcocktailen seg å være særlig effektiv. Lakselusen er også et lite krepsdyr, og den bukker under når nervegiftene får virke under samme behandling i merdene.

Men selv om forbruket øker har Norge i motsetning til EU ingen miljøstandard eller grenseverdier for legemiddelkonsentrasjoner i sjøen.

Dobbeltbruk

Over 1200 tilfeller av dobbeltbruk i samme uke på samme anlegg.



Oversikten viser antall ganger pr. år at oppdrettere har rapportert bruk av både azametifos og deltametrin i samme oppdrettsanlegg innenfor samme uke. Tallene viser ikke om stoffene er brukt i samme merd på samme tidspunkt, eller om stoffene er blandet. For 2016 er det kun tall frem til og med uke 42. Rapporteringen fra oppdretterne til Altinn er ofte mangelfull, og enkelte medisineringer kan derfor mangle i oversikten.

GRANSKNINGEN: Det har gått to og en halv måned etter funnene av de døde hummerne i Øygarden. Bergens Tidende og nettavisen IntraFish har flere ganger etterlyst resultatet.


Endelig publiserer Fiskeridirektoratet en pressemelding på hjemmesiden: «Det er ikke sannsynlig at avlusing av oppdrettslaks var årsaka til at hummarane i samleassene i Øygarden døde. Det er vår konklusjon etter at det er gjennomført grundige analysar og modellsimulering.»

«Hummerdød skyldes IKKE avlusing», skriver IntraFish.

Men hvordan kom Fiskeridirektoratet frem til at avlusingen neppe forårsaket hummerdøden?

BT har sjekket opplysninger og undersøkt grunnlaget for konklusjonene.

DEN DOBLE DOSEN: Havforskningsinstituttet la til grunn at medikamentene azametifos og delta-



SVARTELISTET: Regnbueørret som rømte i Osterfjorden under stormen «Nina», blir av fiskere omtalt som tykk, slapp, deformert og tydelig preget av å ha vært i fangenskap hele livet.

FOTO: JONAS BOSTRØM

Mattilsynet fant dårlig fisk hos oppdretter

kan fange den rømte fisken, undersøke den for smittsomme sykdommer og virus og sørge for at andre oppdrettere blir varslet. Det blir nå fisket oppdrettsfisk med pellets i magen. Det tyder på at den har søkt mot andre anlegg for å spise og utgjør en stor smittefare, sier Nylund.

Det er et svært stort smittepress i Hordaland, og et betydelig antall oppdrettere har PD-virus i sine anlegg.

Hallgeir Herikstad,
direktør i Mattilsynet region sør og vest

Både han og Norges Jeger- og Fiskerforbund har etterlyst hvem som eier den undersøkte fisken.

På spørsmål fra Bergens Tidende om den stammer fra Sjøtroll Havbruk, skriver administrerende direktør Willy Berglund følgende:

– Det er kun Sjøtroll Havbruk som har meldt om rømming av ørret.

Fremdeles gjenfiske

Han fremholder at det ikke er dokumentert at rømt fisk smitter villfisk.

– Virus i små mengder finnes i de fleste levende individer. For å utvikle sykdom, er dette en av flere parameter som må være til stede. Overføring av virus mellom villfisk og rømt fisk er ifølge Mattilsynet lite sannsynlig på grunn av lav tetthet og store vannmasser, skriver

Mattilsynet bekrefter at det er funnet gyteferdig regnbueørret i dårlig forfatning i en merd hos Sjøtroll Havbruk i Angelskår i Osterfjorden.

EINAR AARRE
einar.aarre@bt.no

Samtidig bekrefter selskapet at de har fisk som er smittet med PD-virus i anlegget. PD forårsakes av et virus som betegnes salmonid alfavirus og er en av

de mest alvorlige sykdommene i oppdrettsnæringen.

– Det korrekte er at vi har funnet spor av PD-virus på enkeltindivider. Fisken på lokaliteten er imidlertid fortsatt frisk og fin», skriver adm.dir. i Sjøtroll, Willy Berglund, i en e-mail til Bergens Tidende.

Direktør i Mattilsynet region sør og vest, Hallgeir Herikstad, sier at Mattilsynet har gjennomført tilsyn ved oppdrettsanleggene der det var meldt rømming etter stormen «Nina».

Dette kom i stand etter flere

avisoppslag der fritidsfiskere og Norges Jeger- og Fiskerforbund meldte at den rømte fisken var syk. Mange reagerte også på at så mange gytemoden regnbueørret ble funnet. Gytemoden fisk har dårlig kjøtt og kan ikke omsettes sammen med annen fisk.

– Vi behandlet dette som bekymringsmeldinger, sier Herikstad.

Har tatt prøver

Gytemoden regnbueørret er ikke matfisk og bør ut av produksjonen. Ifølge Mattilsynet så den gytemodne fisken hos Sjøtroll dårlig ut. Blant annet var finnene slitt.

– Gytemoden regnbueørret ser ofte stygg ut. Og vi vet at når den rømmer ut av merdene, klarer den seg dårlig. Mattilsynet har tatt prøver av fisken. Disse er sendt til analyse hos Veterinærinstituttet, sier Herikstad.

– Planen er at fisken i denne merden skal slaktes denne uken. Da skal den gyteferdige regnbueørreten plukkes ut og ikke inngå i den videre produksjonen. Vi oppfatter at eieren Sjøtroll har kontroll på situasjonen, sier Herikstad.

Stort smittepress

Mattilsynet har ikke registrert andre negative forhold ved de øvrige oppdrettsanleggene.

Ifølge Mattilsynet har de oversikt over hvilke andre anlegg som har PD-virus.

– Det er ikke uventet at oppdrettsfisk i dette området har PD-virus. Det er et svært stort smittepress i Hordaland, og et betydelig antall oppdrettere

har PD-virus i sine anlegg, sier Herikstad.

Professor Are Nylund ved Universitetet i Bergen er en av Norges fremste eksperter på fiske sykdommer. Han har på oppdrag fra Norges Jeger- og Fiskerforening analysert 24 av de rømte regnbueørretene. Han har konstatert PD-virus i samtlige.

Han har også funnet indre blødninger, avslitte finner og hudsår.

Nylund er bekymret for hvordan den rømte fisken smitter andre oppdrettsanlegg og er kritisk til at det tok såpass lang før Mattilsynet foretok inspeksjon.

– Når det skjer rømming, burde det offentlige ha klar en brannstyrke med fiskere som

Berglund på e-post.

Han mener regnbueørret ikke utgjør en genetisk trussel for villaks.

Sjøtroll Havbruk har nå etablert et samarbeid med UNI Research Miljø for å ta ut mer rømt regnbueørret, analysere denne og overvåke området. Selskapet har anslått andelen kjønnsmoden fisk til å være cirka tre prosent.

– Vi har til nå mottatt ca. 40.000 av de 62.400 regnbueørretene som rømte. Vi har fortsatt et omfattende gjenfiske pågående og vil gjøre vårt ytterste for å fange flere og forhindre at den kommer opp i elver i regionen, skriver Berglund.

Sjøtroll Havbruk er en av de største oppdretts- og foredlingsbedriften av laks og ørret i Norge, og markedsfører seg under tittelen «Ein smak av rein natur».

FAKTA

Rømt fisk

- De siste oppdaterte tallene Fiskeridirektoratet har, viser at det i 2015 har rømt til sammen 145.000 laks og regnbueørret i Hordaland.
- Rømingene som er registrert, er blant andre:
- 62.500 regnbueørret fra Sjøtroll Havbruk sitt anlegg ved Angelskår i Osterfjorden.
- 51.000 steril laks fra Fyllingsnes sitt anlegg ved Ospeneset i Lindås.
- 2200 steril laks fra Eide Fjordbruk sitt anlegg ved Hågardsneset i Kvinnherad.
- 11.300 laks fra Engesund

Fiskeoppdrett sitt anlegg ved Leirvika i Masfjorden.

- Ukjent antall laks fra Eide Fjordbruk sitt anlegg ved Brandaskuta i Kvinnherad.
- 4500 laks fra Blom Fiskeoppdrett sitt anlegg ved Otterholmen i Radøy.

Kilde: Fiskeridirektoratet

18.000

av de rapporterte fiskene rømte før uværet «Nina».

Trener du hardt?

Hjertesjekk for mosjonister og konkurranseidrettsutøvere

Vi tilbyr hjertesjekk med risikovurdering etter europeiske retningslinjer. Hjertesjekk av konkurranseidrettsutøvere og mosjonister kan avdekke rytmeforstyrrelser, medfødte misdannelser og risiko for utvikling av hjertesykdom. Pris fra kr 1030,-



Bestill time på mobil, web eller ring
55 59 99 99 • www.aleris.no/idrett
Marken 34, Bergen


Aleris

